

Innspel til revisjonen av konsesjonsvilkåra for Lærdalsvassdraget.

Til: Norges vassdrags-og energidirektorat (NVE)

Tilkomst for ålmenta til Lærdal statsalmenning.

Hovudoppgåva til jeger-og fiskarlaget er å sikre at jakt og fiske vert tilrettelagt og tilgjengeleg for flest mogeleg.

På oppdrag frå Østfold Energi A/S har Naturrestaurering A/S lagt fram Naturrestaureringsrapport nr: 2025-10-20. Der framkjem ønskje om eit strengare regime for bruk av anleggsvegen inn til Lærdal statsalmenning. Likeeins bruk av båt på Kvevatnet.

I over 50 år har Lærdal kommune ved Fjellstyret hatt ei ordning der berre rettighetshavarar, utbyggjar og folk med fiske- og jaktkort har hatt tilgang til området. Dette har foregått i perioden ca. 15. Juli-30.september. Ordninga har fungert tilfredsstillande, utan negative innverknader på villreinen og denne sitt leveområde. (jfr bestandsplanar for Nordfjella).

Tilkomsten til Statsalmenningen foregår på anleggsvegen inn til Kvevassdammen. Her har vedlikehaldet i ei årrekke vore sterkt forsømt av utbyggjar. Det er påfallande at vedlikehaldet i Lærdal over lang tid har vore langt dårlegare enn det ein kan finne Aurland kommune , der Hafslund (tidlegare Oslo Lysverker/ E/CO) som hovudkraftutbyggjar og eigar av dei store kraftverka held ein klart betre standard på anleggsvegane sine. Dette syner at god vegstandard i slike område er mogeleg- det handlar berre om vilje og prioritering.

Konsekvensen av dette er at det ikkje er uvanleg å punktere når ein ferdast på anleggsvegen i ein vanleg personbil i Lærdalsfjella. Dette er ikkje ein akseptabel situasjon for dei som brukar vegen til jakt, fiske og friluftsliv.

Bruk av jakt- og fiskeressursar må sikrast. Konsesjonsvilkåra må ikkje innskrenke tilgangen til jakt og fiske i dette området. Tvert imot bør vilkåra leggje tilrette for at desse ressursane framleis kan nyttast av ålmenta, og at tilgjenge med vanleg personbil vert sikra der dette har vore praksis.

Konsesjonsvilkåra må heller ikkje legge større restriksjonar for bruk av båt på Kvevatnet. Dette for å sikre ei god og berekraftig forvaltning av dette store fiskevatnet.

Våre krav til konsesjonsvilkåra:

1. Østfold Energi vert pålagt eit tydeleg og bindande ansvar for løpande vedlikehald, slik at anleggsvegane er farbare med vanleg personbil i den perioden dei er opne.
2. Eingongsutbetringar i samband med utbetring/ vedlikehald av damanlegg/kraftverk kan ikkje akseptrast som erstatning for løpande vedlikehald.
3. Eksisterande rettar til jakt og fiske i området vert ikkje innskrenka som ei følge av konsesjonsrevideringa.
4. Tilgang for ålmenta, inkludert ungdom med jakt- og fiskekort vert oppretthalden og ikkje gjort vanskelegare enn i dag.
5. Bruk av båt til garnsetjing i Kvevatnet må ikkje innskrenkast som eit resultat av konsesjonsrevideringa.
6. Tilgang for ålmenta til vegen inn til Kvevatnet og ned til Gravdalen, må ikkje innskrenkast som eit resultat av konsesjonsrevideringa.

Venleg helsing

Lærdal jeger- og fiskarlag